



**NTNU**

Kunnskap for en bedre verden

# Bacheloroppgave

**SY301813 - Sykepleie VI - del 2**

**Sjukepleiar sine haldningar til rusavhengige pasientar**

Kandidatnummer: 10103

Hovudveileder: Marianne Kjelsvik

Totalt antall sider inkludert forsiden: 70

Antall ord: 8695

Innlevert Ålesund, 22.05.2017

## Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i hva som er lovlige hjelpemidler, retningslinjer for bruk av disse og regler om kildebruk. Erklæringen skal bevisstgjøre studentene på deres ansvar og hvilke konsekvenser fusk kan medføre. **Manglende erklæring fritar ikke studentene fra sitt ansvar.**

<i>Du/dere fyller ut erklæringen ved å klikke i ruta til høyre for den enkelte del 1-6:</i>		
1.	Jeg/vi erklærer herved at min/vår besvarelse er mitt/vårt eget arbeid, og at jeg/vi ikke har brukt andre kilder eller har mottatt annen hjelp enn det som er nevnt i besvarelsen.	<input checked="" type="checkbox"/>
2.	Jeg/vi erklærer videre at denne besvarelsen: <ul style="list-style-type: none"><li>• ikke har vært brukt til annen eksamen ved annen avdeling/universitet/høgskole innenlands eller utenlands.</li><li>• ikke refererer til andres arbeid uten at det er oppgitt.</li><li>• ikke refererer til eget tidligere arbeid uten at det er oppgitt.</li><li>• har alle referansene oppgitt i litteraturlisten.</li><li>• ikke er en kopi, duplikat eller avskrift av andres arbeid eller besvarelse.</li></ul>	<input checked="" type="checkbox"/>
3.	Jeg/vi er kjent med at brudd på ovennevnte er å <u>betrakte som fusk</u> og kan medføre annulling av eksamen og utestengelse fra universiteter og høgskoler i Norge, jf. <a href="#">Universitets- og høgskoleloven</a> §§4-7 og 4-8 og <a href="#">Forskrift om eksamen</a> .	<input checked="" type="checkbox"/>
4.	Jeg/vi er kjent med at alle innleverte oppgaver kan bli plagiatkontrollert i Ephorus, se <a href="#">Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver</a>	<input checked="" type="checkbox"/>
5.	Jeg/vi er kjent med at høgskolen vil behandle alle saker hvor det forligger mistanke om fusk etter NTNUs studieforskrift.	<input checked="" type="checkbox"/>
6.	Jeg/vi har satt oss inn i regler og retningslinjer i bruk av kilder og referanser på biblioteket sine nettsider	<input checked="" type="checkbox"/>

# Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Veileder: Marianne Kjelsvik

## Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten ([Åndsverkloven §2](#)).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage med forfatter(ne)s godkjennelse.

Oppgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

Jeg/vi gir herved NTNU i Ålesund en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering:

ja     nei

Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)?

ja     nei

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

- Hvis ja:

Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over?

ja     nei

Er oppgaven unntatt offentlighet?

ja     nei

(inneholder taushetsbelagt informasjon. [Jfr. Offl. §13/Fvl. §13](#))

Dato: 22.05.2017

## Forord

### Sprøytenarkoman

Det er morgen  
Jeg er narkoman  
Jeg trenger en dose  
Jeg er livredd  
Jeg må inn i min trygge psykose

Krampene danser i kropp og sjel  
Dop må jeg ha for å føle meg hel  
Dyret har våkna  
det river og sliter  
Det deler meg opp i stykker og biter

Det er dop over alt  
men jeg må ha penger  
Og jeg går over lik  
for å få det jeg trenger

Metodene er like syke som meg  
Det viktigste er at det ordner seg  
Jeg raner ei gammal kone en kveld  
Driter i alt, også meg selv

Jeg stjåler fra mor  
kjære og kjente  
Jeg stjåler der det er noe å hente

Sprøytestikk  
Slangebitt  
Ensom kriminell  
Jeg er narkoman og vil dø av og drepe meg selv

For samfunnet er jeg et stort problem  
En flekk på fasaden som skulle vært ren  
Men hjelpen de gir meg er harde straffer  
Det er sånn medisin samfunnet skaffer

Hjelpen jeg trenger er billig og grei  
Den består av mennesker som elsker meg  
Og med kjærlighet bør man bekjempe det onde  
Sånn vil samfunnet redde langt flere unge

Hva kjærlighet er bør jeg kanskje forklare  
Det kan ikke kjøpes for penger som vare  
det er faktisk å ære og elske sin neste  
Klarer vi det, så ordnes det mest  
Jeg snakker til dere som tror dere vet  
som ikke forstår vår virkelighet  
som opphøyd av medgang ser ned på oss svake  
som med argusblikk sier: se på det jævla vraket!

“Chris” 1999

## Sammendrag

**Bakgrunn:** Etter at *Rusreformen* kom i 2004, har menneske med rusproblem fått same rettar til behandling og naudsynt helsehjelp som andre pasientgrupper. Sjølv om det har vore auka merksemd kring ruslidinger dei siste åra, er det fortsatt store utfordringar knytt til behandling, utreiing og øvrig oppfølging til rusavhengige. Sjukepleiarar har ei sentral rolle for å få hjelpe desse pasientane.

**Hensikt:** Hensikta med litteraturstudien er å undersøkje korleis sjukepleiar sine haldningar er i møte med rusavhengige pasientar, og korleis desse haldningane påverkar omsorgen.

**Metode:** Ein systematisk litteraturstudie som byggjer på ein review-, seks kvalitative og to kvantitative forskningartiklar.

**Resultat:** Funna viser at haldningane avhengjer av erfaring og kunnskap. Sjukepleiarar har i hovudsak negative haldningar til rusavhengige pasientar. Rusavhengige blir oppfatta som ei vanskeleg og krevjande pasientgruppe. Desse haldningane gjer at rusavhengige pasientar blir møtt stigma og diskriminering, og får mindre merksemd og tid enn andre pasientar. Sjukepleiarane gir uttrykk for behov for auka kompetanse.

**Konklusjon:** Litteraturstudien viser at sjukepleiar sine haldningar mot rusavhengige pasientar stort sett er negative. Negative haldningar påverkar omsorgen i negativ grad, og gjer det vanskeleg å etablere ein personleg relasjon bygd på tillit.

**Nøkkelord:** Sykepleier, holdning, erfaring, rusavhengig, rusmisbruker, illegale rusmiddel

## **Abstract**

**Background:** After the *Rusreform* was presented in 2004, people with substance dependence have received the same rights for treatment and health care as other patient groups. Even if there has been an increased awareness and focus on substance dependence in the recent years, there are still major challenges attached to treatment, assessment and other follow-ups to substance abusers. Nurses have a central role to help these patients.

**Aim:** The purpose of the literature study is to investigate nurses' attitudes towards substance abusers, and how these attitudes affect the care.

**Method:** A systematic literature study based on one review, six qualitative and two quantitative research articles.

**Result:** The findings show that the level of knowledge and experience affect the attitudes. Most nurses have negative attitudes towards substance abusers. Substance abusers are perceived as a difficult and demanding patient group. They get less attention and time than other patient groups, and are met with stigma. Nurses express a need for more knowledge and expertise.

**Conclusion:** The literature study reveals that most nurses have negative attitudes against substance abusers. Negative attitudes affect the care negatively, making it difficult to establish a personal relationship based on trust.

**Keywords:** Nurse, attitude, experience, addiction, substance abuse, illegal drug

## Innhold

<b>1 INNLEIING .....</b>	<b>1</b>
1.1 Hensikt og problemstilling.....	2
1.2 Avgrensing .....	2
1.3 Viktige omgrep.....	3
1.4 Oppbygging av oppgåva .....	3
<b>2 TEORIBAKGRUNN .....</b>	<b>4</b>
2.1 Rus og rusavhengnad .....	4
2.1.1 Rusmiddel .....	4
2.1.2 Rusmiddelproblem og -avhengnad .....	4
2.1.3 Kjennetrekker ved rusavhengige .....	5
2.2 Haldningar.....	5
2.3 Sjukepleiar sitt etiske grunnlag .....	6
2.4 Kari Martinsen sin omsorgsteori.....	7
<b>3 METODE .....</b>	<b>9</b>
3.1 Datasamling og søkerestrategi .....	9
3.1.1 Inklusjon- og eksklusjonskriterier.....	10
3.1.2 Kvalitetsvurdering.....	11
3.1.3 Etiske omsyn .....	12
3.2 Analyseprosessen .....	12
3.2.1 Samle utvalg av studier .....	13
3.2.2 Identifisere viktige funn .....	13
3.2.3 Vurdere studiane i forhold til kvarandre .....	13
3.2.4 Skildring av fenomenet .....	13
<b>4 RESULTAT .....</b>	<b>14</b>
4.1 Ulike haldningar - avhengig av kunnskap og erfaring .....	14
4.2 Rusavhengige pasientar - ei "vanskeleg" pasientgruppe .....	15
4.3 Behandling prega av haldningar .....	16
4.4 Behov for auka kompetanse .....	17
<b>5 DISKUSJON.....</b>	<b>18</b>
5.1 Metodediskusjon .....	18
5.2 Resultatdiskusjon .....	20
5.2.1 Kva haldningar har sjukepleiarar til rusavhengige, og kva faktorar fører til desse haldningane? .....	20
5.2.2 Kva konsekvensar har desse haldningane for pasienten? .....	22
5.2.3 Kunnskap - løysinga på alt? .....	24
<b>6 KONKLUSJON.....</b>	<b>27</b>
<b>LITTERATURLISTE .....</b>	<b>28</b>
Vedlegg 1 - Litteraturmatrise	
Vedlegg 2 – Analyse av forskningsartiklane	
Vedlegg 3 – Søkjehistorie	
Vedlegg 4 – Samanlikning av resultat	

## 1 INNLEIING

Etter at *Rusreformen* kom i 2004, har menneske med rusproblem fått same rettar til behandling og naudsynt helsehjelp som andre pasientgrupper (Helsedepartementet 2004:15). Ei av hovudmålsetjingane for helse- og omsorgstenestene er at befolkninga skal sikrast lik tilgong til gode og likeverdige tenester, uavhengig av diagnose, alder, kjønn, personleg økonomi og bustad (Helsedirektoratet 2014:116). Rusmiddelavhengnad er forbundet med skam, skuld, sjølvforakt og fornedring, både hjå personen sjølv, men også frå samfunnet. At rusavhengige opplev å bli utestengt frå samfunnet og ei kjensle av avmakt, kan true helsa deira (Meld. St. 30 (2011-2012)). Rusproblem er ei av folkehelseutfordringane det må setjast større fokus på, og eit problem det forventast auka førekomst av i framtida (Biong og Ytrehus 2012:21; St.meld. nr. 20 (2006-2007); Helsedirektoratet 2014:3).

Det er ingen konkrete undersøkingar som kartlegg nøyaktig oversikt over rusmiddelbruk i Noreg. Statens institutt for rusmiddelforskning(2017) anslår at i perioden 2010-2012 var det 7700 personar i alderen 15-64 år som hadde ein risikofylt opioidbruk. I 2013 vart det kalkulert 9000 høg-risiko opoidbrukskarar, 5 000 høg-risiko kokainbrukskarar og 11 200 som brukte amfetamin ein gong eller meir per veke. Ein studie gjennomført i Noreg, viser at 9% av pasientar innlagt på akuttmottak testa positivt på illegale rusmiddel, i hovudsak cannabis, amfetamin og kokain (Bogstrand m.fl. 2011). Ut i frå desse tala kan ein anta at dette er ei pasientgruppe sjukepleiarar vil møte. Sjukepleiarar kan ha ei sentral rolle når det gjeld å oppdage slike problem, førebyggje at dei utviklar seg vidare og setje i gong hjelpetiltak (Biong og Ytrehus 2012: 27).

Undersøkingar viser at stoffmisbrukskarar ofte har store problem allereie før dei blir rusavhengige. 70% har lærings- og atferdsproblem i skulen, 53% har opplevd at ein eller begge foreldre har alkoholproblem, 46% har foreldre som er skilt, 38% er mobbeoffer, 29% har vore under barnevernet, 22% er seksuelt misbrukt utanfor familien, 11% er seksuelt misbrukt innad familien. Gjennomsnittsalderen for første arrestasjon er 15,9 år (Fekjær 2016: 91). Ein veit at skilnader i helse direkte eller indirekte er skapt av sosiale, økonomiske og miljømessige faktorar og ein strukturelt påverka livsstil (Helsedirektoratet 2009: 12). Med andre ord kan ein seie at det i hovudsak er sosiale

føresetnader som påverkar helse, og ikkje omvendt. Desse harde fakta gjer stoffavhengige til ei gruppe som ein eigentleg bør oppleve sympati for, men rusavhengige er likevel ei gruppe som ofte fell utanfor samfunnet (Helsedirektoratet 2012: 12).

Ein rusavhengig eg har kjennskap til, har vore innlagt på sjukehus med overdose over ti gongar på ein månad. På samtlege av desse innleggingane har han brukt med seg ei Imsdal-flaske med gammahydroksybutyrat (GHB) som har stått på nattbordet. På ingen av innleggingane har det blitt stilt spørsmål til denne flaska, eller gjort andre visitasjonar for å avdekke eventuelle medbrakte rusmiddel. Det får meg til å undre om helsepersonell har for lite kunnskap og kjennskap til rusavhengige og rusmiddel til å våge å gå inn og vere kritiske i ein slik pasientsituasjon. I løpet av den tre-årige sjukepleiarutdanninga, har vi hatt minimalt fokus på rus. Eg har fått inntrykk av at mange medstudentar, som er utdanna sjukepleiarar om to månadar, veit lite om kvifor ein blir avhengig av rusmiddel og at abstinensar kan føre til livstruande reaksjonar som krampe, auke i blodtrykk, hurtig puls og respirasjon og brekningar. Dette kan indikere at sjukepleiarar har lav kunnskap om temaet. Med bakgrunn i dette, vil eg undersøkje sjukepleiarar sine haldningar til rusavhengige, sidan lav kunnskap kan føre til usikkerheit, og haldningar og handlingar som ikkje er foreneleg med god omsorg (Brodtkorb 2011: 310).

## **1.1 Hensikt og problemstilling**

Hensikta med denne litteraturstudien er å undersøkje kva haldningar sjukepleiarar har i møte med rusmiddelbrukarar, og korleis desse haldningane påverkar omsorgen til rusmiddelbrukarar.

Korleis er sjukepleiar sine haldningar i møte med rusavhengige, og korleis påverkar desse haldningane omsorgen?

## **1.2 Avgrensing**

I oppgåva vil eg i hovedsak undersøkje korleis haldningane til sjukepleiarar som jobbar i somatiske sjukehus er. Pasientgruppa er pasientar som nyttar illegale rusmiddel, og eg vil ikkje ha fokus på alkohol og overforbruk av forskrive medikament. Eg inkluderer alle aldersgrupper og kjønn fordi eg har ei oppfatning av at rusavhengige blir satt i bås uavhengig av desse kriteriane. Blant rusmiddelavhengige har mellom 50 og 80% ei

psykisk liding (Skoglund og Biong 2012: 186), men dette er ikkje noko eg vil ha fokus på i oppgåva.

Eg har bevisst valgt å bruke omgrepet «rusavhengig» framfor til dømes «rusmisbrukar», då dette underbyggjer mi oppfatning av rusavhengnad som liding på lik linje med andre sjukdommar. Med hensyn til flyt i teksten, brukar eg «han» om den rusavhengige pasient og «ho» om sjukepleiaren.

### ***1.3 Viktige omgrep***

Illegale rusmiddel - Rusmiddel er kjemiske eller biologiske substansar som gir rus, altså merkbar endring i stemningsleie, verkelegheitsoppfatning og atferd (Simonsen 2015: 25). Illegale rusmiddel er rusmiddel som ikkje er lovleg i Norge, som til dømes heroin, amfetamin og hasj.

### ***1.4 Oppbygging av oppgåva***

I oppgåva vil eg vidare ta føre meg teori som gir innblikk i temaet, samt Kari Martinsen sin omsorgsteori. Metodedelen vil skildre korleis eg kom fram til inkluderte forskningsartiklar og korleis desse vart analysert. Funna frå analysa vil bli presentert i resultatdelen. Avslutningsvis vil eg drøfte resultata i lys av teorigrunnlaget, før oppgåva avrundast med ein konklusjon til problemstillinga.

## **2 TEORIBAKGRUNN**

### **2.1 Rus og rusavhengnad**

#### **2.1.1 Rusmiddel**

Folkehelseinstituttet(2015) skildrar rusmiddel som noko som gir umiddelbar kjensle av velvære, samstundes som konsentrasjonsevna, hukommelsen og andre hjernefunksjonar svekkast. Inntaket av rusmiddel svekkar evna til å vurdere kritisk, og som følgje blir ein blant anna meir impulsiv. Ein skil mellom beroligande, stimulerande og hallusinogene rusmiddel. Rusmiddela har likevel fellesstrekk når det gjeld virkning like etter tiltak: kjensle av velvære, svekka konsentrasjon, nedsatt hukommelse og innlæring, nedsatt kritisk sans, auka impulsivitet og svekka feilkontroll. I tillegg vil det enkelte rusmiddelet ha spesifikk virking til det bestemte stoffet, for eksempel auka sentralnervøs og motorisk aktivitet ved bruk av stimulerande stoff som amfetamin. Ruse kan vare frå få minutt til fleire timer (Folkehelseinstituttet 2015).

#### **2.1.2 Rusmiddelproblem og -avhengnad**

Det er ein gradvis og glidande overgang frå “normal” og relativt problemfri bruk av rusmiddel til den skadelege og symptomprega. Konsekvensane av problematisk rusmiddelbruk vil i ulik grad påverke og forstyrre livssituasjonen og funksjonsnivå i forhold til meistring, helse, trivsel og relasjon til andre menneske. Rusmiddelproblem kan skildrast etter symptoma sin art, grad og varigheit (Helsedirektoratet 2014:29-33).

Avhengnad er ein tilstand der ein person gradvis gir så høg prioritet til enkelte element (rusmiddel) i sin atferd at det forteng anna atferd som personen tidlegare syntest hadde stor verdi. Brukaren oppfattar gjerne rusmiddelet som naudsynt for fortsatt velvære eller for å fjerne ubehag (Simonsen 2015:25). Vanlegvis har brukar eit sterkt ynskje om å ta stoffet, vanskar med å kontrollere bruken, held fram med bruken til trass for skadelege konsekvensar, auka toleranse og nokon gongar ein fysisk abstinensstilstand, og stoffbruken får høgare prioritet enn andre aktivitetar og forpliktingar (Helsedirektoratet 2012:18).

Avhengnad er forbundet med fisiologiske reaksjonar. Abstinensar er fysiske reaksjonar på at tilførselen av rusmiddel har stansa. Dei vanlegaste abstinenssymptoma er uro, angst, skjelving og rastløyse (Aarre, Bugge og Juklestad 2009:202). Sjølv om årsakane til at ein person utviklar avhengnad vil vere av både biologisk, psykologisk og sosial art, har ein

nevrobiologisk forståing av avhengnad vore eit viktig tilskot for å forstå dette området dei seinare åra. Rusmiddelbruk er generelt risikoprega, og vedvarande og omfattande rusmiddelproblem kan medføre andre helseskader og sjukdom, til dømes forverra psykisk liding, kronisk hepatitt, diabetes type 2 og hjarte-kar sjukdommar (Helsedirektoratet 2014:29-33)

### **2.1.3 Kjennetrekk ved rusavhengige**

Det er ei rekke kognitive karaktertrekk som blir assosiert med rusavhengnad og livsstilsproblem. Desse inkluderer lite nærvær, problem med å foreta valg, därleg bedømmingsevne og mangelfull dugleik til å løyse problem. I tillegg er det mange som manglar teoretiske, praktiske, arbeidsmessige og mellommenneskelege dugleikar. Mange forstår ikkje eller å unnlet å vurdere korleis deira handlingar påverkar andre, eller korleis andre si atferd påverkar dei sjølv. Enten manglar dei evna til å tenkje over konsekvensane, eller velger dei å ikkje bry seg om dei ved å fortrenge slike vurderingar med blokkering, avleiing og impulsiv atferd (de Leon 2003:68-73).

Kjenslemessige karakteristikkar er at dei har problem med å erfare, kommunisere og forhalde seg til sine eigne kjensler. Dei har ofte lav terskel for emosjonelle signal, eit avgrensa repertoar for kjenslemessig kommunikasjon og få atferdsmessige grenser i sine kjenslemessige reaksjonar. Samanlikna med ikkje-misbrukarar synest dei å ha lavare grenser for å tolerere ubehag og kortare utsettingar av sine reaksjoner for å redusere eller sleppe unna ubehag. Sinne og fiendtlegheit er vanlege kjenneteikn hjå rusavhengige generelt, og desse kjensleuttrykka beskytter den enkelte frå å ta inn over seg eller å erfare andre kjensler som kan vere langt meir skremjande eller uynskja, slik som frykt, sårbarheit, skuffelse, kjærleik og omsorg (de Leon 2003:68-73).

## **2.2 Haldningar**

Store norske leksikon definerer haldningar som ei nemning for ein vedvarande beredskap til å reagere ovanfor andre menneske, ting eller hendingar. Haldningar kjem til uttrykk gjennom oppfatningar og meiningsytringar, som kjenslemessige reaksjonar, og i handlingar (Teigen 2016). Haldningar er vurderande eller dømmande i positiv eller negativ retning. Ei haldning inneber dermed at ein tek eit standpunkt. Haldningar er ikkje noko som forandrar seg på ein enkel måte, men noko ein har med seg over tid. Dei er altså

relativt varige. Å forandre haldningar krev ofte arbeid som både er tidkrevjande, og som kostar noko for den enkelte å gjennomføre (Håkonsen 2014:185).

Dei fleste synspunkta og tankane våre får vi frå det vi høyrer, ser og oppfattar frå omgivnadane. Haldningar dannast blant anna av eigne erfaringar, interaksjon med andre, samfunnet, kulturen og media, og påverkar vår veremåte. Haldningar kan vere basert på kunnskap, men er oftest overtatt relativt ureflektert frå ei gruppe ein identifiserer seg med. Haldningar heng saman med våre verdiar og inneheld tankemessige, kjenslemessige og atferdsmessige komponentenar, som vil seie det vi tenkjer og meiner om eit emne, kva kjensler vi har, og korleis vi oppfører oss (Håkonsen 2014:186).

Haldningane si etiske betydning i sjukepleien kjem til uttrykk gjennom vår venlegheit, høflegheit, merksemd, å vere lyttande, varsemd i stell og eit fast handlag når det er naudsynt. Det særeigne ved omsorg er nettopp haldning som uttrykkjer omsorg. I omsorgen er det ikkje berre kva ein gjer som er viktig, men korleis ein gjer det, korleis ein oppfører seg, korleis ein utøver handlingane. Haldningar uttrykkjer viktige verdiar enten ein må forstille seg eller ein oppfører seg heilt naturleg. Denne dimensjonen ved haldningar er eit uttrykk for dyd og noko som utviklar seg gjennom år med sosialisering og samvær med andre heilt frå barndommen av (Nortvedt 2012:58).

### **2.3 Sjukepleiar sitt etiske grunnlag**

I sjukepleie som fag og yrke har spørsmål av moralsk og etisk karakter alltid vore viktige. Kvalitativt god sjukepleie er kjenneteikna av handlingar der fag og etikk forenast i det som kan beteiknast som god praksis (Brodtkorb 2011:306). Handlingar og valg vil alltid ha basis i verdiar, også når desse verdiane ikkje er bevisste og uttalte. Når kvalitetar ved hjelparen er ein del av yrkjesrolla, blir det viktig og naudsynt å utvikle eit medvit omkring forhaldet mellom private verdiar og faglege verdiar (Brodtkorb 2011:311). *Dei yrkjesetiske retningslinjene for sjukepleiarar* skal vere med å utvike eit slikt bevisst forhald. Desse retningslinjene er utforma av Rådet for sykepleieetikk for Norsk Sykepleieforbund(NSF). Retningslinjene skildrar ideal for gode praktiske og moralske handlingar innanfor sjukepleien. Dei skal verne sjukepleiaren sine viktige verdiar, samt konkretisere kva god praksis er (Sneltvedt 2012: 99).

Sjukepleie skal baserast på medynk, omsorg og respekt for menneskerettane, og vere kunnskapsbasert. Sjukepleiaren si fundamentale plikt er å fremje helse, førebyggje sjukdom, lindre liding og sikre ein verdig død (NSF 2011:5). Sjukepleiaren skal ivareta den enkelte pasient si verdighet og integritet, herunder retten til heilheitleg sjukepleie, retten til å vere medbestemmande og retten til å ikkje bli krenka (NSF 2011:8).

## ***2.4 Kari Martinsen sin omsorgsteori***

Kari Martinsen sine idear har hatt stor innverknad på den teoretiske utviklinga i sjukepleiefaget i Noreg og i Skandinavia for øvrig. Martinsen si skildring av sjukepleiefaget er bygd opp omkring omgrepet omsorg (Kirkevold 2001:169). Ho skildrar begrepet slik:

“Omsorg har med korleis vi forheld oss til kvarandre, korleis vi viser omtanke for kvarandre i vårt praktiske daglegliv” (Martinsen 2003b:69).

Kari Martinsen seier at omsorg er det mest naturlege og det mest fundamentale ved mennesket sin eksistens. Omsorgfoutset at den eine har ei bekymring og omtenksamhet for den andre. Ein set seg inn i den andre si liding og yt omsorg for å lindre smarta (Martinsen 2003b). Martinsen deler omsorg inn i eit relasjonelt, eit praktisk og eit moralsk omgrep.

Omsorg som eit relasjonelt omgrep tek utgangspunkt i eit kollektivt basert menneskesyn der det grunnleggjande er at vi er avhengig av kvarandre. Relasjonen er basert på ei form for gjensidigkeit, fellesskap og solidaritet. Avhengnad er ein grunnstruktur i mennesket sin veremåte (Martinsen 2003a: 14).

Omsorg som eit praktisk omgrep tek utgangspunkt i at omsorgsgivar hjelpt den svake gjennom praktisk handling. Desse handlingane er situasjonsbettinga og betingelselause. Det vil seie at den konkrete handlinga utførast på grunnlag av den svake sin situasjon, utan forventing om å få noko tilbake (Martinsen 2003a:16). Å møte den sjuke med omsorg gjennom omsorgsarbeid krev ei rekke føresetnadar som kunnskap, dugleik og organisasjon. Fagleg dyktigheit og god omsorg forutset at fagkunnskapar og praktiske dugleikar går saman og blir ei eining (Martinsen 2003b:75).

Omsorg som eit moralsk omgrep har med korleis vi er i relasjonen gjennom det praktiske arbeidet. Det er kvaliteten i relasjonen som er vesentleg (Martinsen 2003b:17). Den moralske dimensjonen ved omsorgen er grunna i prinsippet om ansvaret for den svake (Martinsen 2003a). Omsorg må lærast gjennom erfaring av og oppseding til godeleik (Martinsen 2003b:17).

Martinsen seier at det faglege skjønnet er knytta til det konkrete, og at skjønnet uttrykkjer fagkunnskap gjennom dei naturlege sansar. Gjennom å vere open kan sjukepleiar ta imot pasientinntrykkjet, og tolke og strukturere det gjennom ferdigheiter, haldningar og handlingar, slik at pasienten opplev situasjonen som god (Martinsen 2003a:143).

Martinsen understrekar betydinga av at sjukepleiar ser pasienten sitt spesielle uttrykk og anerkjenner at pasienten er eit individ (Martinsen 2003a: 144).

## **3 METODE**

I metode-fasa av ein forskningsprosess, tek ein valg om studien sitt design og ein teknologi til utvalgsmetodar, datasamlingsmetodar og analysemetodar. Ein tek også for seg etiske omsyn (Forsberg og Wengström 2016:40).

Ein systematisk litteraturstudie går ut frå ei tydeleg formulert problemstilling og svarast gjennom å systematisk identifisere, velje, vurdere og analysere relevant forskning (Forsberg og Wengström 2016:27). I følgje Forsberg og Wengström(2016) er ein føresetnad for å gjere ein systematisk litteraturstudie, at det finst tilstrekkeleg antall studier av god kvalitet som kan gi grunnlag for vurdering og konklusjon. Eg svarar på problemstillinga gjennom å foreta ein slik systematisk litteraturstudie. Systematiske litteratursøk blei gjennomført frå november-16 til april-17. Eg har inkludert ein review, seks kvalitative og to kvantitative studiar.

### ***3.1 Datasamling og søkjestrategi***

Litteraturstudien byrja ved å formulere ei problemstilling. Ut i får denne, byrja eg manuelle søk. Manuelle søk kan gjerast på ulike måtar, blant anna gjennom å studere referanselister, lese innholdsforteikningar og søkje etter litteratur (Forsberg og Wengström 2016: 64). Eg byrja det manuelle søkjet på Google og Google Scholar, og gjennom dette fann eg relevante artiklar, keywords, søkjeord og referanselister. Eg kom også over ei relevant masteroppgåve av Krokmyrdal og Andenæs om temaet, og fann ein forskningsartikel frå 2015 basert på denne oppgåva på Cinahl Complete. Denne inkluderte eg i litteraturstudien.

Med bakgrunn i erfaringane eg tilegna meg under det manuelle søkjet, utvikla eg eit skjema med ulike søkjeord etter inspirasjon frå PICO-skjema. Ei strukturert tilnærming til søkjeord på bakgrunn av problemstillinga kan vere eit verkty for å setje saman søkjestategiar i databasar (Forsberg og Wengström 2016:60). Hensikta med litteraturstudien min er å finne ut kva haldningar sjukepleiar har til rusavhengige, og korleis desse haldningane påverkar omsorgen. Populasjonen eg ynskjer å undersøkje, er dermed sjukepleiarar. Kva eg vil undersøkje, er haldningar til rusavhengige.

KVEN	KVA	OM
- nurs* - nursing staff - nursing personnel - health personnel	- attitude - perception - perspectives - knowledge - nurse-patient relation - experience	- substance abuse* - substance dependence* - substance related disorder - illicit drug* - drug abuse* - drug use* - drug dependence

Tabell 1: Oversikt over søkjeord

Eg har i hovudsak nytta databasane Cinahl Complete, Google Scholar, MedLine og Sykepleien Forskning. Eg gjorde også søk i PsycInfo, men kom ikkje fram til andre artiklar enn eg allereie hadde inkludert. Desse databasane er ofte brukte og særleg eigna innan helsefag, og dekkjer blant anna medisin, sjukepleie, odontologi, fysioterapi og psykologisk forskning (Forsberg og Wengström 2016:65). Eg har tatt utgangspunkt i skjemaet, og nytta ulike kombinasjonar av desse søkjeorda. Eg har nytta “OR” mellom søkjeorda i samme kolonne og “AND” mellom søkjeorda i dei ulike kolonnene (vedlegg 3). På denne måten fekk eg snevra inn søkeret, men likevel inkludert samtlege subjekt eg var ute etter (Bjørk og Solhaug 2008:62)

### 3.11 Inklusjon- og eksklusjonskriterier

Inklusjonskriterier hjelpt forfattaren til å bestemme kva kjelder som skal inkluderast i ein studie (Forsberg og Wengström 2016:174). Sidan eg ynskja å sjå på korleis haldningane til sjukepleiarar er til rusavhengige pasientar, er det ein kriterie at studiane har sjukepleiarperspektiv. I utgangspunktet ynskja eg å sjå på sjukepleiarar som arbeidde på somatiske avdelingar, men i mangel på nyare forskning frå Skandinavia, opna eg opp for å inkludere studier gjennomført med deltakarar som arbeidde på psykiatriske avdelingar. Eg ynskja å inkludere flest mogleg studier frå Skandinavia, sidan det kan vere store nasjonale skilnadar på haldningar grunna normer, tradisjonar, regelverk o.l. Eg inkluderte også studier frå Nord-Amerika og Australia fordi eg tenkjer at omstenda og haldningane i desse områda har likskap med Noreg. Eit anna inklusjonskriterie er at studiane har hovudfokus på pasientar som nyttar illegale rusmiddel. Eg ekskluderte artiklar som i hovudsak handlar om alkohol og andre lovlege rusmiddel, men i nokre av artiklane er desse rusmiddela nemnt i mindre grad.

Eg har søkt på artiklar frå 2010, men berre inkludert artiklar frå 2012 og nyare.

Forskningsartiklane har ImRad-struktur og er kvalitativ-, kvantitativ- eller reviewartiklar.

Å suppelere informasjon frå kvalitativ forskning saman med kvantitativ forskning, kan gi ei djupare og meir detaljert forståing om temaet (Berg og Munthe Kaas 2013:132). Dei skal vere skrive på engelsk, norsk, svensk eller dansk. Dei skal vere refereebedømt, ha etisk overveiing og tidsskriftet skal ha kvalitetsvurdering 1 eller 2.

Inklusjon	Eksklusjon
Sjukepleiarperspektiv Fokus på illegale rusavhengige 2010-2017 Vestlege land ImRad-struktur Kvalitativ, kvantitativ og review Engelsk, norsk, svensk eller dansk Refereebedømt Etisk overveiing Kvalitetsvurdering 1-2 Minst ein forskar med PhD-grad	Studier der største delen av deltakarane ikkje er sjukepleiarar Hovudfokus på alkohol og andre legale rusmiddel Land som ikkje kan samanliknast med Noreg Eldre artiklar enn 2010

Tabell 2: Inklusjons- og eksklusjonskriterier

### 3.12 Kvalitetsvurdering

Gjennom perioden eg foretok litteratursøk, har eg vurdert 32 forskningsartiklar. Eg sit no igjen med ni forskningsartiklar etter å ha vurdert dei opp mot inklusjonskriteriane mine og relevans for problemstillinga. Eg har også vurdert forskningsartiklane opp mot Kunnskapssenteret(2017) sine retningslinjer og sjekklistene for vurdering av forskningsartiklar. Ved bruk av desse sjekklistene vurderte eg blant anna utvalget i forhold til problemstillinga, datainnsamlinga og nyttegrad i forhold til mi problemstilling. For å vurdere om artiklane er fagfellevurdert, nyttig eg “Norsk senter for forskningsdata” for å sjå kva kvalitetskravnivå tidsskriftet dei er publisert i har. Majoriteten av tidskrifta eg har inkludert i studien, er nivå 1 - noko som indikerer middels kvalitetskrav. Resterande tidsskrift har nivå 2 - høg kvalitet. Dette betyr at samtlege artiklar er fagfellevurdert. Minst ein av forfattarane i forskningsartiklane har PhD-grad. Alle artiklane eg sit igjen med, er etisk vurderte. Dei fleste artiklane som vart ekskludert, var på grunn av hovudfokus på alkohol eller at majoriteten av deltakarane var andre profesjonar enn sjukepleiar.

### **3.13 Etiske omsyn**

Ved systematiske litteraturstudier må ein ta etiske vurderingar, og ei viktig etisk vurdering er å velje studier som har blitt godkjent av etiske komité. Eksempel på dårleg etisk vitenskapeleg praksis, kan blant anna vere tjuveri eller plagiat av data, feilaktig framstilling av forskning, mangelfull henvisning og inklusjon/eksklusion av data (Forsberg og Wengström 2016:59). Om forskning som belys same spørsmål ikkje samanstiljast, risikerer ein å gå glipp av nyttig informasjon, eller til og med forvrenge evidensgrunnlaget (Berg og Munthe-Kaas 2013:133). Alle forskningsartiklane eg har inkludert i studien, er som nemnt vurdert av ulike etiske komitear og publisert i tidsskrift med middels eller høgt kvalitettskrav. Sjølv har eg vore bevisst på å presentere alle resultat som er aktuelle for temaet, uavhengig om dei støttar forventa resultat. Eg henviser til kjelder så nøyaktig som mogleg etter universitetet sitt reglement.

Med bakgrunn i dei *Generelle forskningsetiske retninglinjer* utarbeida av De nasjonale forskningsetiske komiteene(2014), gjekk eg gjennom samlege forskningsartikalar og vurderte etiske omsyn. Eg var spesielt opptatt av punktet med konfidensialitet, sidan deltakarane kan la vere å innrømme sanninga om dei fryktar å bli gjenkjent, og dermed får studien eit falskt resultat. Eg var også opptatt av at utsagna og spørsmåla i studiane er formulert på ein respektfull måte, og at deltakarane har moglegheit til å gi uttrykk for eigne tankar og kjensler. At utsagna er formulert på ein diskriminerande måte samstundes som ho er formulert i personleg “eg-form” *kan* påvirke utsлага på svara fordi det blir oppfatta så personleg. Eg var også opptatt av at utvalget i studiane har forskjellig erfaring og alder.

### **3.2 Analyseprosessen**

Analyse handlar om å bryte ned strukturar for å lette bearbeidingsa av innsamla data, for deretter å setje det saman til ei heilheit, syntese (Forsberg og Wengström 2016:152). Det rettar fokuset og presisjonen mot dei viktigaste hovudfunna (Evans 2002:23). Evans(2002) sin analysemodell blei brukt i analysa av forskningsartiklane. Modellen er delt opp i fire faser, og består av å samle utvalg av studiar, identifisere viktige funn, vurdere studiane i forhald til kvarandre og skildre fenomentet.

### **3.21 Samle utvalg av studier**

Denne fasa består av å inkludere studier ut i frå studien sine kriterier, finne studier og identifisere studier som kan ha relevans for oppgåva (Evans 2002:25). Som skildra i delkapittel 3.1, har eg utført eit systematisk litteratursøk og inkludert ni forskningsartiklar. Desse artiklane er relevante for oppgåva mi, og oppfyller inklusjonskriteriane.

### **3.22 Identifisere viktige funn**

I fase to skal ein identifisere nøkkelfunn i kvar artikkel (Evans 2002:25). I denne fasa gjekk eg grundig gjennom kvar artikkel for å finne nøkkelfunn. Eg utarbeida først og fremst litteraturmatrise til kvar enkelt studie(vedlegg 1). Med fokus på resultatdelen utarbeida eg ein tabell til kvar artikkel med sentrale funn kategorisert i fire sentrale hovudfunn eg kom fram til etter å ha lest samtlege studiar(vedlegg 2). Eg kategoriserte funna ved hjelp av eit kodesystem i form av ulike fargar, og markerte funn ut i frå desse sentrale kategoriane. Funna vart plassert under dei fire hovudfunna haldningar, forklaring til haldningane, konsekvensar av haldningane og korleis ein kan auke positive haldningar.

### **3.23 Vurdere studiane i forhald til kvarandre**

I fase tre skal ein vurdere studiane i forhald til kvarandre. Her samanliknar ein studiane, og sorterer nøkkelfunn for å sjå om dei kan klassifiserast under same tema (Evans 2002:25). Her utforma eg ein tabell for å få ei oversikt over underkategoriar, slik at ein enkelt kan samanlikne dei ulike studiane. Denne tabellen viser kva underkategoriar som går igjen i dei ulike artiklane. Dette gir ei oversikt over likskapar og skilnadar (vedlegg 4).

### **3.24 Skildring av fenomenet**

I følgje Evans(2002) skal ein i den fjerde fasa skildre fenomenet, ved å lage ei skildring av dei ulike funna i forhald til dei ulike kategoriane. Dette vil bli presentert i kapittel fire om resultat frå litteraturstudien.

## 4 RESULTAT

Analysa avdekkja fire hovudfunn: haldningar, forklaringar til desse handlingane, konsekvensar av haldningane og kva som kan gjerast for å auke positive haldningar.

### ***4.1 Ulike haldningar - avhengig av kunnskap og erfaring***

Litteraturstudien antyder at det er negative haldningar som stort sett pregar sjukepleiarar i møte med rusavhengige pasientar. Sjukepleiarane gir uttrykk for at dei manglar motivasjon og vilje til interaksjon med rusavhengige pasientar. Dei har også ein tendens til å ha eit stereotypisk bilet av rusavhengige som gruppe i staden for å sjå enkeltmenneska (van Boekel m.fl. 2013; Monks, Topping og Newell 2012; Krokmyrdal og Andenæs 2015; Neville og Roan 2014; Morgan 2012; Li m.fl. 2012). I studien til van Boekel m.fl.(2013) kom det fram at sjukepleiararane som har ei oppfatning om at rusavhengnad er sjølvforskyldt og enkelt kan kontrollerast, har ei meir negativ haldning til rusavhengige enn dei som ikkje har denne oppfatninga. Nokre av studiane viser likevel at sjukepleiarane, trass negative haldningar, har eit ynskje om å opprette ein god relasjon og behandle rusavhengige pasientar på same måte som andre pasientar (Neville og Roan 2014; Johansson og Wiklund-Gustin 2015; Lundahl m.fl. 2013).

“These patients are here for help. My feelings are irrelevant. It’s about them, not about me” (Neville og Roan 2014)

Rusavhengige blir oppfatta som uærlege og manipulerande, og dette er med på å forsterke negative haldningar til rusavhengige pasientar (van Boekel m.fl. 2013; Monks, Topping og Newell 2012; Krokmyrdal og Andenæs 2015; Neville og Roan 2014, Lundahl m.fl. 2013; Johansson og Wiklund-Gustin 2015). Studiane avdekkja også at sjukepleiarane ikkje har tillit til rusavhengige pasientar si smerteformidling (Li m.fl. 2012; Neville og Roan 2013; Monks, Topping og Newell 2013). Fleire av sjukepleiarane framhevar pasientane som “drug-seeking” og sjukepleiarane føler at dei må vere på vakt for å ikkje bli lurt (Morgan 2012; Neville og Roan 2013; Monks, Topping og Newell 2013).

Studiane viser at sjukepleiarar med utdanning og/eller erfaring, enten personleg eller gjennom arbeid, har meir positive haldningar til rusavhengige (van Boekel m.fl. 2013; Thorkildsen, Eriksson og Råholm 2015; Monks, Topping og Newell 2012. Studien til

Thorkildsen, Eriksson og Råholm(2015) tek for seg sjukepleiarar som jobbar på ei avgiftningsavdeling - og dermed sjølv har valgt å arbeide med rusavhengige.

Sjukepleiarane i denne studien opplever at denne pasientgruppa blir utsatt for stigmatiserande haldningar frå helsevesenet og samfunnet ellers. Dette triggar deira eige ynskje om å gi god og etisk omsorg og pleie. Dei kjenner på motivasjon, interesse og brennande engasjement for desse pasientane. Denne indre drivkrafta blir beskrive som ubetinga nestekjærleik (ibid).

#### **4.2 Rusavhengige pasientar - ei "vanskeleg" pasientgruppe**

I fem av studiane kom det fram at sjukepleiarar har mangefull kompetanse om rus.

Sjukepleiarane opplever at dei ikkje er kompetente til å gi pleie til rusavhengige pasientar fordi dei har for lite utdanning og kunnskap om rusmiddel og rusavhengnad. Dei tykkjer at denne gruppa skal få behandling av spesialutdanna personell (van Boekel m.fl. 2013; Monks, Topping og Newell 2012; Krokmyrdal og Andenæs 2015; Neville og Roan 2014; Lundahl m.fl. 2013).

Sjukepleiarane opplever sjukepleie til rusavhengige som komplekst og personleg utmattande (van Boekel m.fl. 2012; Monks, Topping og Newell 2012; Ford 2011; Morgan 2012; Lundahl m.fl. 2013). Behandlinga til rusavhengige pasientar er tidkrevande, og sjukepleiarane opplever frustrasjon og nyttelause når pasientane blir lagt inn gong på gong. At pasientane ikkje tek ansvar for eiga helse og sosialt liv blir sett på som eit hinder for å gi sjukepleie (Johansson og Wiklund-Gustin 2015; Neville og Roan 2014).

Ein anna faktor som bidreg til negative haldningar, er at sjukepleiarar fryktar eigen tryggleik. Sjukepleiarane skildrar rusavhengige pasientar som manipulerande, aggressive, valdelege og utan fornuftstenking. Sjukepleiarane synest at det er vanskeleg å ikkje vite korleis pasientane vil oppføre seg (van Boekel m.fl. 2013; Monks, Topping og Newell 2012; Krokmyrdal og Andenæs 2015; Neville og Roan 2014; Lundahl m.fl. 2013; Johansson og Wiklund-Gustin 2015).

Andre faktorar som tid, bemanning, arbeidsmiljø, kollegaer, støtte og organisering påverkar også engasjementet til å jobbe med rusavhengige pasientar (van Boekel m.fl. 2013; Morgan 2012).

#### **4.3 Behandling prega av haldningar**

Haldningane til sjukepleiarar synest å påverke omsorgen og pleia rusavhengige pasientar får. Sjukepleiarar fortel at dei bevisst prøver å tilbringe minst mogleg tid saman med rusavhengige pasientar, sidan sjukepleiarane opplev relasjonen som slitsam. Pasientane får dermed mindre merkesemd og tid i forhold til andre pasientar (van Boekel m.fl. 2013; Monks, Topping og Newell 2012; Krokmyrdal og Andenæs 2015; Neville og Roan 2014; Lundahl m.fl 2013; Johansson og Wiklund-Gustin 2015).

Manglande kunnskap om illegale rusmiddel og kva dei kan medføre, kan også vere ein trussel for behandlinga pasientane mottek. Sjukepleiarane kan blant anna mistolke abstinenssymptom og ikkje behandle desse (Monks, Topping og Newell 2012). Dette, samt frykta for å bli manipulert, kan også hindre sjukepleiarane i å administrere opioid som smertestillande (Krokmyrdal og Andenæs 2015; Li m.fl. 2012; Neville og Roan 2014).

Når rusavhengige pasientar opplev diskriminasjon frå helsepersonell, og misnøye med behandlinga dei mottek, er det meir sannsynleg at dei skriv seg ut før det medisinske problemet er løyst. Det kan også påverke pasienten si sjølvkjensle (van Boekel m.fl. 2013; Monks, Topping og Newell 2012).

Sjukepleiarane i studiane fortel også at sidan rusavhengige pasientar er så krevjande, får andre pasientar mindre merkesemd, og dermed därlegare behandling (Neville og Roan 2012; Li m.fl. 2012). Opiodavhengige pasientar kan også påverke korleis sjukepleiarane ser på smertestilling med opioid av andre pasientar. Sjukepleiarane fortel at dei kan bli mistenksame når “vanlege” pasientar ber om smertestillande, og dei fryktar at deira smertelindring kan føre til avhengnad hjå pasientar utan tidelgare avhengnadsproblem (Neville og Roan 2014).

Deltakarane i studien til Thorkildsen, Eriksson og Råholm(2015), som gir uttrykk for ei sterk indre drivkraft til å gi omsorg til denne pasientgruppa, fortel at ved å ha ei positiv haldning får sjukepleiaren ei moglegheit til å komme nærmare pasienten og gi moderleg omsorg. Ved å justere seg etter pasienten sine ynskjer og behov, kommuniserer sjukepleiaren at pasienten er i tryggje hender og vil få hjelp. At sjukepleiaren viser håp for pasienten, hjelp også pasienten i å tru på at eit liv utan stoff er mogleg. Sjukepleiarane opplever indre glede og takknemd når dei hjelpt pasienten til å få eit betre liv (ibid).

#### **4.4 Behov for auka kompetanse**

I fem av studiane gir sjukepleiarane uttrykk for at dei manglar kunnskap og kompetanse, og at dette påverkar haldningane deiras. Dei fortel samstundes at dei er villige til å forbetre kunnskapen for å klare å gi betre omsorg, og at dei ynskjer undervisning (van Boekel m.fl. 2012; Monks, Topping og Newell 2012; Krokmyrdal og Andenæs 2015; Neville og Roan 2014; Lundahl m.fl. 2013). Deltakarane i studien til Johansson og Wiklund-Gustin(2015) fortel at ved å ha kunnskap om og ved å sjå på manipulerande oppførsel som eit personlegheitstrekk hjå rusavhengige, kan hjelpe ein til å sjå personen bak «rusmaska» og stå i relasjonen. Ærlegdom og klarheit er ei forutsetning for ein god relasjon, og det er viktig at ein er tilstades, lytter og viser forståing og omsorg for pasienten sin situasjon (Lundahl m.fl. 2013)

Deltakarane i tre av studiane oppga at dei sakna rollestøtte, veiledning og tilbod om samtale med psykolog eller profesjonelle innan rus (van Boekel m.fl. 2012; Neville og Roan 2014; Morgan 2012).

## **5 DISKUSJON**

I dette kapittelet vil eg presentere metode- og resultatdiskusjon. I metodediskusjonen belysast styrkjer og veikskapar med oppgåva, medan i resultatdiskusjonen drøftast funn frå forskning og litteratur opp mot kvarandre.

### ***5.1 Metodediskusjon***

Eg bestemte meg tidleg for å skrive om rus-feltet fordi eg har erfaringar med å jobbe med denne pasientgruppa. Eg var varsam med å velje problemstilling fordi oppgåver som handlar om rus ofte blir for “spesialisert” og retta mot vidareutdanning innan rus og psykiatri. At oppgåva er skrive individuelt kan sjåast på som ein veikskap, blant anna fordi det berre er eg som har analysert forskninga. Å arbeide individuelt har derimot gitt meg full oversikt og kontroll over oppgåva, samt god innsikt i litteraturen og forskningsartiklane som er nytta. Eg har også fått innspel og diskutert synspunkt undervegs med veiledar og medstudentar som har vore opponentar.

Teorideelen min er stort sett henta frå primære kjelder, men eg har også inkludert sekundærkjelder for å supplere primærkjeldene. Å bruke sekundærkjelder kan vere ein veikskap fordi bodskapet til forfattaren kan bli mistolka, men som supplement til primærkjelda anser eg det som ei styrkje.

Databasane Cinahl Complete, PubMed, PsycInfo og Sykepleien Forskning vart nytta i litteratursøkjet. Dette er databasar eg har kjennskap til, noko som er ei styrkje. I byrjinga gjorde eg manuelle søk, og gjennom desse fann eg relevante artiklar, forfattarar og søkjeord. Før det systematiske litteratursøkjet utvikla eg eit PICO-skjema, men i samråd med bibliotekar fann eg ut at PICO-skjema ikkje passa problemstillinga mi. Eg utforma difor eit eige skjema med søkjeord som passa mi oppgåve, og dette var eit nyttig hjelpemiddel i litteratursøkjet. Bibliotekaren oppfordra meg til å nytte ulike søkjeord, fordi databasane ikkje er godt nok utvikla til å inkludere alle relevante artiklar. At søkeret ikkje er heilt identisk frå søk til søkeret og frå database til database, kan vere ein veikskap i henhold til systematiske litteratursøk. Eg fann det derimot naudsyst for å vere sikker på at eg ikkje gikk glipp av relevant forskning. Ei styrkje er at eg fann igjen mange av artiklane på dei ulike søkeret. At søkerhistoria kontinuerleg blei dokumentert anser eg som ei anna styrkje.

Litteratusøkjet var først begrensa frå 2010, men eg fann ikkje åtte relevante forskningsartiklar som fylte inklusjonskriteriane mine. Eg utvida difor søker til 2007 og fann til saman ni artiklar. På første veiledning vart eg derimot oppfordra til å ekskludere dei tre artiklane frå 2007-2010. I staden skulle eg finne nyare skandinavisk forskning, og heller vike på inklusjonskriteriet mitt om at sjukepleiarane skulle jobbe på somatisk avdeling. Etter denne veiledninga fann eg tre forskningsartiklar frå Noreg og Sverige frå 2013-2016 eg inkluderte i staden for dei eldre artiklane. Etter at strateginotatet *Bedre behandlingstilbud til rusmiddelbrukere* av Helsedepartementet kom i 2004, har fokuset og haldningane rundt rusavhengnad auka blant sjukepleiarar (Sælør og Biong 2011). Sidan haldningar endrar seg over tid, er det ein veikskap at nokre av forskningsartikklane er opp mot 5 år gamle. Det kan også vere ein veikskap at forskningsartiklane er frå andre land enn Noreg, sidan lovverk, satsingar og normer kan vere forskjellige frå land til land, og dermed påverke haldningane. Funna i dei "eldre" og utanlandske artiklane skil seg derimot ikkje frå forskninga frå Noreg, og eg trur difor at dei har nyttegrad og relevans for oppgåva.

Ein anna veikskap med oppgåva, er at ikkje alle artiklane har reint fokus på pasientar som nyttar illegale rusmiddel. I nokre av artiklane er pasientar med alkoholavhengnad nemnt, men samlege artiklar handlar i hovudsak om illegale rusavhengige. Eit par av artiklane har undersøkt haldningar til ulike helseprofesjonar, noko som vik frå mitt sjukepleiarperspektiv. Desse artiklane spesifiserer kva som er sjukepleiar sine haldningar og kva som til dømes er legar sine haldningar, og har dermed nyttegrad likevel. Reviewartikkelen handlar om helsepersonell sine haldningar, og inkluderer blant anna sjukepleiarar med vidareutdanning, legar og sosionomar. Dette er ein veikskap. Funna i denne oversiktartikkelen sprik derimot ikkje med dei andre artiklane med reint sjukepleiarperspektiv.

Kvalitative, kvantitative og review artiklar er inkludert i studien. Sidan eg ynskjer å belyse sjukepleiar sine haldningar, var eg først og fremst ute etter kvalitative studier. Eg ynskja også å inkludere kvantitative artiklar for å få større bredde på litteraturstudien. Fordelen med kombinasjon av kvalitativ og kvantitative metoder, er at ein kan belyse fenomenet frå ulike synsvinklar (Forsberg og Wengström 2016:47).

I vurderinga av forskningsartikklane sin kvalitet, nyttta eg Kunnskapssenteret(2017) sine sjekklistar for kritisk vurdering av artiklane. Eg nyttar også Norsk Samfunnsvitenskapelig

datatjeneste for å kvalitetssikre artiklane ved å undersøkje tidsskriftet artikkelen er publisert i. Majoriteten av tidsskrifta hadde grad 1 - middels kvalitet, mens resterande hadde grad 2 - høg kvalitet.

## **5.2 Resultatdiskusjon**

### **5.2.1 Kva haldningar har sjukepleiarar til rusavhengige, og kva faktorar fører til desse haldningane?**

Martinsen(2003a) seier at “våre haldningar er nedfelt i det ordlause, dei rekk inn i normene.” Sjukepleiar må vere bevisst på eigne haldningsuttrykk, og vite kva betydning dei kan ha. Omsorg er relasjonelt, og sjukepleiar bør ha evne til innleving og vere omtenkSAM. Innleving krev at sjukepleiar kjenner på eigne kjensler og brukar dei som ein ressurs for å forstå ein annan person sin situasjon (Sneltvedt 2012:153). Dei yrkjesetiske retningslinjene seier at sjukepleie skal baserast på medync, omsorg og respekt for menneskerettane, og vere kunnskapsbasert. Sjukepleiaren skal ivareta den enkelte pasient si verdighet og integritet, herunder retten til heilheitleg sjukepleie, retten til å vere medbestemmande og retten til å ikkje bli krenka (NSF 2011:8). For å få til dette, er det naudsynt å bruke fagleg skjønn.

Sjukepleiarar har i hovudsak negative haldningar til rusavhengige pasientar, og dei har ein tendens til å ha eit stereotypisk bilet av rusavhengige som gruppe i staden for å sjå kvart enkelt individ. Sjukepleiarane gir også uttrykk for at dei manglar motivasjon og vilje til interaksjon med desse pasientane (van Boekel m.fl. 2012; Monks, Topping og Newell 2012; Krokmýrdal og Andenæs 2015; Neville og Roan 2014). Sjukepleiarane gir uttrykk for at dei ynskjer å behandle rusavhengige pasientar på same måte som andre pasientar (Neville og Roan 2014; Johansson og Wiklund-Gustin 2015; Lundahl m.fl. 2013), men mykje tyder på at dette ikkje lukkast.

Desse haldningane er i strid med Martinsen(2003b) si oppfatning av omsorg, som ho blant anna skildrar som situasjonsbetinga og kjenneteikna av omsorgen sine kvalitetar. Den moralske delen av omsorg er grunna i prinsippet om ansvaret for den svake. Om mellommenneskelege relasjonar er basert på godheit, tillit og berøring slik som Martinsen meiner, kvifor viser ikkje sjukepleiarane omsorg til denne pasientgruppa? Rusavhengige pasientar er ei gruppe som absolutt går under «dei svake» sjukepleiarar bør ha ansvar og

omsorg for. Ut i frå utsagna i fleire av studiane, kan det verke som at dei fleste sjukepleiarane ser vekk frå at rusavhengige pasientar har same rettar, eigenverdi og behov for respekt og omsorg som andre pasientgrupper. Martinsen meiner at etikk og moral opererer saman, men studiane antyder at etikk og moral *ikkje* går hand i hand ved sjukepleie til rusavhengige. Ved å ha denne haldninga, distanserer sjukepleiarane seg frå realiten og unngår å forhalde seg til eigne verdikonflikter.

Når sjukepleiar havnar i kompliserte møter med pasienten, kan rolla hennar blir trua. Hennar haldningar, altså handlingar og tankar til pasienten, gjer at ho automatisk kun ser den eine negative sida ved pasienten. Dette hindrar ein open relasjon (Martinsen 2003b). Majoriteten av funna i litteraturstudien min tyder på at sjukepleiarane *ikkje* følgjer det etiske grunnlaget i møte med denne pasientgruppa. Sjukepleiarane gir uttrykk for at denne pasientgruppa *ikkje* er verdig behandling og tida deira på lik line som pasientar med andre somatiske eller psykiske lidingar (Monks, Topping og Newell 2012; Neville og Roan 2014). Her viser sjukepleiarane at dei heller *ikkje* klarer å oppfylle den praktiske delen av omsorg. Dei har vanskar med å møte den lidande der han er, og tilretteleggje omsorgen på ein respekfull måte. Den profesjonelle sjukepleiar skal *ikkje* gjere forskjell på pasientar (NSF 2011). Desse reaksjonane fordrar sjukepleiar til å auke forståinga si av heile pasienten. Ved å samle seg, og *ikkje* la dei umiddelbare reaksjonane vere aleine, men ved å bruke fagkunnskap og mobilisere ei total forståing av pasienten, kan sjukepleiar opne for sjå den enkelte pasient (Martinsen 2003a).

Sjukepleiarane i studien til Thorkildsen, Eriksson og Råholm(2015) opplev at rusavhengige blir møtt med stigma i helsevesenet, men at dei sjølv viser ubetinga nestekjærlek til pasientgruppa. Deltekaran i denne studien tek opp viktigheita av å koble inn det etiske og reflektere over kjensler og tankar, både aleine og med kollegaer(ibid). Martinsen(2000) er opptatt av at sjukepleiaaren må sjå pasienten med hjartet sitt auge. Med det meiner ho at ein gjennom sansing må la seg berøre på ein deltakande og oppmerksam måte. Det er avgjerande at sjukepleiar ser forbi ein ofte støyande fasade og finn fram i mennesket i “den rusavhengige pasienten” (Skoglund og Biong 2012:190), noko det ser ut som at sjukepleiarane i denne studien klarer. Ved å vere fortruleg med pasienten sin situasjon, klarer ein å møte den lidande der han er (Martinsen 2003a). Vi har alle behov for å bli sett, møtt, forstått og respektert som eit likeverdig menneske. Evne til respekfull tilstedelevering, og fagpersonane si evne til innleving og empati er heilt avgjerande. Det

krev stor sjølvinnssikt å setje seg sjølv i stand til å respektere og forstå den andre, utan verken å måtte legitimere eller fordømme vedkomande si atferd (Aakre og Biong 2012: 81).

Sjukepleiarane i litteraturstudien gir uttrykk for mistillit til rusavhengige pasientar fordi dei fryktar å bli lurt (Morgan 2012; Neville og Roan 2013; Monks, Topping og Newell 2013). Rusavhengige pasientar vil ofte utfordre tilliten og vri på sanninga, for det er ein av “overlevelsestrategiane” dei er kjent med (de Leon 2003). Det er viktig at sjukepleiaren er bevisst på slik atferd - men ho må aldri automatisk betvile alle utsagn og ynskjer frå rusavhengige pasientar som løgn. Ein må bruke fagleg skjønn og setje seg inn i den svake sin livssituasjon, og møte den svake gjennom samhandling. Sjukepleiar må sjå pasienten sitt spesielle uttrykk og forsøkje å få ei meir omfattande forståing av personen (Martinsen 2003a). Sjukepleiaren må bruke sin fagkunnskap og kliniske blikk til å prøve å forstå kvifor pasienten er som han er, og oppretthalde ei openheit ovanfor pasienten som anerkjenner han som eit individ. Gjensidig tillit er grunnpilaren i ein god relasjon. Om sjukepleiaren viser respekt og tiltru til pasienten, er det gjerne enklare for den rusavhengige å samarbeide og vere ærleg om situasjonen, og ein relasjon bygd på tillit kan utviklast (Li m.fl. 2012; Lundahl m.fl. 2013). Dette kan igjen føre til at sjukepleiaren tilbring meir tid saman med den rusavhengige pasient, og dermed ikkje lenger har behov for å distansere seg kjenslemessig. Rusavhengige pasientar treng engasjerte og dyktige sjukepleiarar, med evne til å tolle både nærlighet og avvisning, og med mot til å prøve igjen og igjen.

### **5.2.2 Kva konsekvensar har desse haldningane for pasienten?**

Det er oppsiktsvekkande at nærmare halvparten av sjukepleiarane i studien til Li m.fl(2012) er ueinige i at opioidavhengnad er ein sjukdom og at kun 20,8% av sjukepleiarane trur på opoidavhengige pasientar si smerteformidling. Funna i studien til Krokmýrdal og Andenæs(2015) viser at 62% av sjukepleiarane opplev at pasientar med opioidavhengnad overdriv smerter for å få meir smertestillande. Studien viser også at sjukepleiarane har manglande kunnskap om avhengnad og smertestilling til opioidavhengige (ibid). Li m.fl.(2012) viser til at opioidavhengige i tillegg til å vere utsett for abstinenssymptom, kan ha hyperalgesi og auka toleranse for smertestillande medikament. Den manglande kompetansen gjer at rusavhengige pasientar ikkje får den smertelindringa dei har krav på

(Morgan 2006; Krokmyrdal og Andenæs 2015). Smerte er ei subjektiv kjensle (Berntzen, Danielsen og Almås 2010:356) og rusavhengige pasientar har som nemnt ei lavare grense for å tolerere ubehag, samt auka toleranse (de Leon 2003:68). Når sjukepleiar ikkje respekterer pasienten sine kjensler og behov, utøver ho paternalistisk omsorg og gjer eit overtramp på pasienten si verdigheit og rett til autonomi. Ho misbrukar den moralske makta, og handlar ikkje etter kva som er pasienten sitt beste. Pasienten har forventingar til sjukepleiar og om desse ikkje blir infridd, skapast mistillit (Martinsen 2005). Det er viktig at sjukepleiar er bevisst på at rusavhengige kan vere manipulerande, men ho må ikkje mistenkje alle førespurnadar og utsagn som russøkjande. Gjennom praksis har eg sett at tillit er grunnleggjande i møtet med rusavhengige. Etter kvart som rusavhengige pasientar får tillit og ein god relasjon til sjukepleiaren, blir han ofte meir open og ærleg om situasjonen. Denne tilliten byggjast over tid og utprøving. Grunnen til dette trur eg er på grunn av at rusavhengige ofte har opplevd å ha blitt svikta av samfunnet, inkludert helsevesenet og sosialomsorgen, og difor har mistillit til «systemet» og er redde for å bli svikta igjen.

I omsorgen er ikkje det berre kva ein gjer som er viktig, men også korleis ein gjer det (Nordtvedt 2012:85). Sjukepleiarar har ansvar for å sjå ei større heilheit. Karaktertrekk ved rusavhengige er blant anna mangefull konsekvenstenking, lavare grenser for å tolerere ubehag og kortare utsetjing av sine reaksjonar for å redusere eller sleppe ubehag (de Leon 2003:70). Åtferda til rusavhengige kan vere styrt av trøngen til stoff, og livsstilen til rusavhengige kan gjere at dei mistar evna til å tenkje fornuftig (de Leon 2003:71). Forskningsartiklane viser at sjukepleiarar sine haldningar ikkje tek høgd for dette, og slike haldningar kan føre til at sjukepleiaren ikkje ser og anerkjenner det unike i mennesket. (Martinsen 2003a). Denne pasientgruppa blir ansett som krevjande, og som konsekvens av dette får dei mindre merksemd og tid i forhold til andre pasientar. Dette gjer at sjukepleiarane ikkje er like varsame for pasienten sine ynskjer og behov (van Boekel m.fl. 2012; Monks, Topping og Newell 2012; Morgan 2012). Den relasjonelle delen av omsorgen er altså sterkt svekka, sidan sjukepleiarane ikkje klarer å setje seg inn i pasienten si liding og yte omsorg for å lindre lidinga. Martinsen seier at eit personleg forhold mellom pasient og sjukepleiar der sjukepleiaren har kjennskap til pasienten si livs- og lidinghistorie er eit naudsynt utgangspunkt for god omsorg (Kirkevold 2001:176). Relasjonen gir grunnlaget for moralsk handling (Brodkorb 2011:309), og når sjukepleiarar unngår å tilbringe tid med rusavhengige pasientar, har ho lite grunnlag for moralsk

handling. Haldningar og handlingar prega av lav kunnskap og forståing er ikkje foreneleg med god omsorg (Brodtkorb 2011:310).

Martinsen sin omsorgsteori seier at relasjonen må byggast på gjensigheit, openheit, fellesskap og solidaritet. Å møte den sjuke med omsorg krev ei rekkje føresetnadar som kunnskap, dugleik og strukturar i organisasjonen ein jobbar i (Martinsen 2003a). Dei fleste rusavhengige har hatt ulike problem før dei utvikla rusavhengnad, som relasjonsskadar og vanskelege sosiale forhald i oppsedinga (Fekjær 2016:91). Rusavhengnad er i tillegg forbundet med skam, skyld, sjølvforakt og fornedring (Meld. St. 30 (2011-2012)). Dette gjer dei til ei særskilt sårbar gruppe, og kan gjere dei særleg vare for krenkingar. Når sjukepleiarar møter desse pasientane med ei stigmatiserande haldning og gir uttrykk for mistillit, voldar dei meir skade på ein allereie skadelidande pasient. Det kan også forsterke dei negative karaktertrekka og fremje aggressjon og valdeleghet (Neville og Roan 2014), noko sjukepleiarane i fleire av studiane utrykkjer bekymring for. Møtepunkt med høg emosjonell temperatur aukar sannsynet for at pasient og sjukepleiar misforstår kvarandre sin intensjon og handling. Ein kan difor ikkje utelukke at sjukepleiar fortolkar pasienten si forvirring og forviling som eit atferdsproblem, og møter pasienten med sanksjonar i stedet for omsorg (Lossius 2011:72). Det kan også føre til at pasienten skriv seg ut før behandlinga er fullført, at ein ikkje oppdagar somatiske tilstandar og at pasienten vegrar seg for å oppsøkje helsehjelp (Monks, Topping og Newell 2012). Behovet for å bli møtt av helsepersonell på ein omsorgsfull måte er difor enda større.

### **5.2.3 Kunnskap - løysinga på alt?**

Haldningar er oftast overtatt relativt ureflektert frå ei gruppe ein identifiserer seg med (Håkonsen 2014:186). Krokmyrdal og Andenæs(2015) fann ut at arbeidserfaring og kollegaer er primære kjelder til kunnskap. Om eit arbeidsmiljø er gjennomsyra av negative haldningar og lav kunnskap, noko dei fleste studiane viser, er det vanskeleg å bli bevisst på behovet for endring. Martinsen(2003b:75) seier at fagleg dyktigheit og god omsorg forutset at fagkunnskapar og praktiske dugleikar går saman og blir ei eining. I følgje *Sykepleierens yrkesetiske retningslinjer*(2011) har sjukepleiaren eit personleg, etisk og fagleg ansvar når det gjeld eiga sjukepleieutøving. Sjukepleiaren er pliktig til å halde seg oppdatert innan sitt fagområde. Sjukepleieutøvinga skal vere basert på forskning, brukarkunnskap og erfaringsbasert kompetanse. Ei haldingsendring er naudsynt, og

forskningsartiklane antyder at det er auka kunnskap som skal til for å oppnå dette (Monks, Topping og Newell 2012; Li m.fl. 2012; Håkonsen 2014; Johansson og Wiklund-Gustin 2015; Lundahl m.fl. 2013). I studien til Monks, Topping og Newell(2012) kom det fram at meir kunnskap kan forhindre konflikter mellom sjukepleiar og pasient, og gjere pleiaren betre rusta på å takle karaktertrekk og strategiar hjå rusavhengige pasientar. Funna i litteraturstudien viser at sjukepleiarane er villige til å tilegne seg kunnskap for å gi betre omsorg (van Boekel m.fl. 2012; Monks, Topping og Newell 2012; Krokmyrdal og Andenæs 2015; Neville og Roan 2014), og fleire studier påpeikar behovet for meir undervisning om temaet i sjukepleiarutdanninga, samt på arbeidsstaden. Sjukepleiaren treng opplæring i høve til medikamentell pleie i forhald til hyperalgesi og abstinensproblematikk, samt rusavhengnaden sin kompleksitet og innverknad på personen (Li m.fl. 2012; Monks, Topping og Newell 2012).

Ein eldre studie fra Australia gjennomført av Ford, Bammer og Becker(2009) viser derimot at undervisning og kunnskap i seg sjølv ikkje kan forbindast til haldningsendring, men i kombinasjon med kollegial rollestøtte kan det vere eit viktig tiltak for å auke kompetanse. Kompetanse delast inn i hovudformene kunnskap, dugleik og haldning. Forutsetninga for kompetanse er altså avhengig av personlege eigenskapar, intelligens, erfaring og opplæring (Aalberg 2009). Thore Aalberg(2009) har skrive ein fagartikkel der han skriv at kollegaveiledning kan styrke teoretisk og personleg kompetanse hjå ansatte. Han skildrar kollegaveiledning som ein pedagogisk prosess der ein gjensidig, likeverdig, fagleg-systematisk, kontraktmessig og tidsbestemt dialog kan gi rom for utvikling av både teoretisk kunnskap, yrkjesspesifikke dugleikar og personleg kompetanse på individ-, gruppe- og systemnivå (ibid).

Eide og Eide(2007) skriv at samtale og kollegial refleksjon ut frå eigen usikkerheit er det beste utgangspunktet for ny innsikt. Det vil føre til sjølvutvikling, forutsatt at ein har vilje og mot til å opne seg. Å utveksle tankar og kjensler med kollegaer er ein viktig faktor for å klare å ivareta seg sjølv som tenesteytar. Å reflektere systematisk omkring ulike etiske dilemma og problemstillingar som sjukepleiar kjem over, kan bidra til begrunnning av handlingsvalga ein tek ved å avklare kva verdiar som er relevante i bedømmингa av den etiske problemstillinga. Ein kan til dømes nytte seg av ein etisk refleksjonsmodell (ibid). Det kan vere ein fordel at ansatte får moglegheit å møtast på arbeidsplassen for å diskutere ulike problem dei har, og korleis dei skal takle desse situasjonane på eit fagleg nivå (Biong

og Ytrehus 2012). Det kan tenkast at dette kan føre til eit betre arbeidsmiljø der sjukepleiaren ikkje føler at ho har alt ansvaret aleine. God kommunikasjon kan bidra til å løyse etiske problem, men på den andre sida kan manglande etisk refleksjon føre til brudd på prinsipp for god, profesjonell og hjelpende kommunikasjon (Eide og Eide 2007).

Ved å reflektere og snakke saman med kollegaer, blir ein bevisst på eige syn og kompetanse. Om ein innser at ein har negative haldningar gjennom refleksjon og veiledning, trur eg at ein får eit ynskje om å få meir positive haldningar sidan menneske har eit grunnleggjande ynskje om å vere gode og omsorgsfulle. Det kan føre til ei påminning om å skilje pasienten frå lidelsen, og klare å ta vare på individet bak rusfasada med sine særskilte ressursar, problem og behov. Den rusavhengige pasient treng sjukepleiarar som tek helsetilstanden deira på alvor, og som ser på symptom ved rusavhengnad som symptom – og ikkje som problematisk afferd. Sett i ein annan pasientsituasjon, så hadde det vore absurd å møte ein suicidal pasient med sanksjonar når han viser teikn til suicidale planar. På samme måte kan ein ikkje støte frå seg rusavhengige pasientar når dei har behov for hjelp.

## **6 KONKLUSJON**

Hensikta med denne litteraturstudien var å undersøkje korleis sjukepleiar sine haldningar er i møtet med rusavhengige pasientar, og korleis desse påverkar utøvinga av omsorg. Forskningsartiklane viser at sjukepleiarar sine haldningar er ulike ut i frå grad av erfaring – personleg eller gjennom arbeid. Dei fleste forskningsartiklane viser at haldningane generelt sett er prega av eit negativt syn, stereotypiske oppfatningar, pessimistiske forventingar og lavt kunnskapsnivå. Desse haldningane påverkar intensjonen og handlingane til sjukepleiaren, og dermed evna til å yte omsorgsfull og likeverdig pleie. Sjukepleiarar mistenkjer utsagn og behov som rusavhengige pasientar formidlar som løgn. Dette fører til mistillit mellom pasient og sjukepleiar, og gjer det vanskeleg å byggje ein god relasjon basert på eit personleg forhold.

Sjukepleiarar med meir erfaring frå rusavhengige har meir positive haldningar til rusavhengige. Dette kan vere med på at pasienten blir sett og blir behandla som eit likeverdig menneske.

Negative haldningar bør ikkje stå i vegen for omsorgen sjukepleiar skal utøve. For å auke sjukepleiarar sine haldningar til rusavhengige pasientar, er auka kompetanse – altså kunnskap, dugleik og haldning, ei sentral brikke. Dette kan ein få med auka fokus på kollegaveiledning, kollegial refleksjon og undervisning om rusmiddelbruk og avhengnad. Om sjukepleiar klarer å setje seg inn i den totale situasjonen til pasienten, opnar ho for ein tillitsfull relasjon der ho kan yte omsorg (Martinsen 2003b).

Studier og litteratur tyder på ei auke i sjukehusinnleggjeringar relatert med rus, og det vil difor vere naudsynt at temaet rus blir belyst i større grad – både på arbeidsplassar og i undervisning. Vidare vil eg difor anbefale at det forskast meir på korleis rusavhengige pasientar kan få kunnskapsbasert behandling som er personsentrert ut i frå individet sitt behov.

Denne oppgåva handlar om haldningar til rusavhengige, men eg ser at ho har stor overførbarheit til andre stigmatiserte pasientgrupper. Eg håper at denne oppgåva kan vere med på å bidra til at sjukepleiarar blir meir oppmerksame på sine haldningar, og korleis haldningane påverkar omsorgen.

## LITTERATURLISTE

- Aakre, M. og Biong, S. (2012). Etiske utfordringer og etisk kompetanse - om makt, verdighet og dømmerkraft i rusomsorgen. I: Biong, S. og Ytrehus, S. (Red.). *Helsehjelp til personer med rusproblemer*. Oslo: Akribe. (s. 78- 96)
- Aalberg, T.K. (2009). Den menneskelige faktor. *Sykepleien*. 93(1561). doi: 10.4220/sykepleiens.2005.0035
- Aarre, T.F., Bugge, P. og Juklestad, S.I. (2014). *Psykiatri for helsefag*. Bergen: Fagbokforlaget
- Alvsvåg, H. (2010) Omsorg – med utgangspunkt i Kari Martinsens omsorgstenkning. I: Knutstad, U. (Red). *Sentrale begreper i klinisk sykepleie Sykepleieboken 2*. Oslo: Akribe (s. 417-450)
- Berg, R. og Munthe-Kaas, H. (2013). Systematiske oversikter og kvalitativ forskning. *Norsk epidemiologi*. 23(2) 131-139. doi: 10.5324/nje.v23i2.1634
- Berntzen, H., Danielsen, A. og Almås, H. (2010). Sykepleie ved smerter. I: Almås, H., Stubberud, D.G. og Grønseth, R. (Red.). *Klinisk sykepleie 1*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Biong, S. og Ytrehus, S. (2012). *Helsehjelp til personer med rusproblemer*. Oslo: Akribe
- Bjørk, I.T. og Solhaug, M. (2008) *Fagutvikling og forskning i klinisk sykepleie*. Oslo: Cappelen Damm.
- Bogstrand, S.T., Normann, P.T., Rossow, I., Larsen, M., Mørland, J. og Ekeberg, Ø. (2011). Prevelance of alcohol and other substances of abuse among injured patients in a Norwegian emergency department. *Drug and Alcohol Dependence*. 117(2011) 132-138. doi: 10.1016/j.drugalcdep.2011.01.007
- Brodtkorb, K. (2011) Yrkesetikk. I: Holther, I.M. og Mekki, T.E. (Red.). *Grunnleggende*

*kunnskap i klinisk sykepleie, Sykepleieboken 1.* Oslo: Akribe. (306-326)

“Chris.” (1999). Sprøytenarkoman. Henta 10.05.2017 frå  
<http://www.lysfest.no/plakatutstilling.htm>

de Leon, G. (2003). *Det terapeutiske samfunn.* Oslo: Universitetsforlaget

De nasjonale forskningsetiske komiteene. (2014). *Generelle forskningsetiske retningslinjer.* Henta 01.05.2017 frå <https://www.etikkom.no/forskingsetiske-retningslinjer/Generelle-forskingsetiske-retningslinjer/>

Evans, D. (2002). Systematic reviews of interpretive research: interpretive data of processed data. *Australian Journal of Advanced Nursing.* 20(2) 22-26.

Fekjær, H.A. (2016). *Rus - bruk, motiver, skader, behandling, forebygging, historikk.* Oslo: Gyldendal Akademisk

Folkehelseinstituttet. (2015). *Rusmidlenes virkning på hjernen.* Henta 26.12.2016 frå  
<https://www.fhi.no/ml/alkohologrusmidler/rusmidler-og-avhengighet/faktaark/rusmidlenes-virkning-pa-hjernen---f/>

Ford, R., Bammer, G. og Becker, N. (2008). The determinants of nurses' therapeutic attitude to patients who use illicit drugs and implications for workforce development. *International Journal of Nursing Practice.* 15(2) 112-118. doi: 10.1111/j.1440-172X.2009.01732.x

Forsberg, C. og Wengström, Y. (2016). *Att göra systematiske litteraturstudier.* Stockholm: Natur og kultur

Helsedepartementet. (2004). *Rusreformen – pasientrettigheter og endringer i spesialisthelsetjenesteloven.* Oslo: Helsedepartementet. Henta 09.04.2017 frå  
<http://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/hd/rus/2004/0017/ddd/pdfv/205998-runds067.pdf>

Helsedirektoratet. (2009). *Begreper og prinsipper for å utjevne sosiale ulikheter i helse.*

Oslo: Helsedirektoratet. Henta 08.01.2017 frå

<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/812/Begreper-og-prinsipper-for-a-utjevne-sosiale-helseforskjeller-utjevning-av-helseforskjeller-del-1-IS-1665.pdf>

Helsedirektoratet. (2012). ROP lidelser. *Nasjonal faglig retningslinje for utredning, behandling og oppfølging av personer med samtidig ruslidelse og psykisk lidelse – ROP lidelser.* Henta 26.12.2016 frå

<https://helsedirektoratet.no/Lists/publikasjoner/Attachements/188/Nasjonal-faglig-retningslinje-personer-med-rop-lidelser-OS-1948.pdf>

Helsedirektoratet. (2014). *Sammen om mestring. Veileder i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for voksne.* Oslo: Helsedirektoratet

Håkonsen, K.M. (2014). *Psykologi og psykiske lidelser.* Oslo: Gyldendal Akademiske

Johansson, L. og Wiklund-Gustin, L. (2016). The multifaceted vigilance - nurses' experiences of caring encounters with patients suffering from substance use disorder. *Scandinavian Journal of Caring Sciences.* 2016(30) 303-311. doi: 10.1111/scs.12244

Kirkevold, M. (2001). *Sykepleierteorier - analyse og evaluering.* Oslo: Gyldendal Akademisk

Krokmyrdal, K.A og Andenæs, R. (2015). Nurses' competence in pain management in patients with opioid addiction: A cross-sectional survey study. *Nurse Education Today.* 35(2015)789-794. doi: 10.1016/j.nedt.2015.02.022.

Kunnskapssenteret. (2017). *Sjekklister for vurdering av forskningsartikler.* Henta 20.03.17 frå <http://www.kunnskapssenteret.no/verktoy/sjekklister-for-vurdering-av-forskningsartikler>

Li, R., Andenæs, R., Undall, E. og Nåden, D. (2012). Smertebehandling av rusmisbrukere innlagt i sykehus. *Sykepleien Forskning*. 7(3) 252-260. DOI: 10.4220/sykepleienf.2012.0131

Lomborg, K. (2000). Livsytringer og etikk. I: Alvsvåg, G og Gjengedal, E. (Red.). *Omsorgstenking. En innføring i Kari Martinsens forfatterskap*. Bergen: Fagbokforlaget

Lossius, K. (2011). Om å ruse seg. I: Lossius, K. (Red.). *Håndbok i rusbehandling*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Lundahl, M.K., Olovsson, K.J., Rönngren, Y. og Norbergh, K.G. (2013). Nurse's perspectives on care provided for patients with gamma-hydroxybutyric acid and gamma-butyrolactone abuse. *Journal of Clinical Nursing*. 2013(23) 2589-2398. doi: 10.1111/jocn.12475

Martinsen, K. (2000). *Øyet og kallet*. Bergen: Fagbokforlaget

Martinsen, K. (2003a). *Fra Marx til Løgstrup: Om etikk og sanselighet i sykepleien*. Oslo: Universitetsforlaget

Martinsen, K. (2003b). *Omsorg, sykepleie og medisin*. Oslo: Universitetsforlaget

Martinsen, K. (2005). *Samtalen, skjønnet og evidensen*. Oslo: Akribe

Meld. St. nr. 20. (2006-2007). *Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller*. Henta 02.12.2017 fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Stmeld-nr-20-2006-2007-/id449531/sec1>

Meld. St. 30. (2011-2012). *Se meg! - En helhetlig rusmiddelpolitikk*. Henta 26.12.2016 fra <https://www.regjeringen.no/contentassets/bba17f176efc40269984ef0de3dc48e5/no/pdfs/stm201120120030000dddpdfs.pdf>

Monks, R., Topping, A. og Newell, R. (2012). The dissonant care management of illicit

drug users in medical wards, the views of nurses and patients: a grounded theory study. *Journal of advanced nursing*. 69(4), 935-946. doi: 10.1111/j.1365-2648.2012.06088.x.

Morgan, B.D. (2012). Nursing attitudes toward patients with substance use disorders in pain. *Pain Management Nursing*. 15(1)165-175. doi: 10.1016/j.pmn.2012.08.004

Neville, K. og Roan, N. (2014). Challenges in Nursing Practise: Nurses' Perceptions in Caring for Hospitalized Medical-Surgical Patients with substance abuse/dependence. *The journal of nursing administration*. 44(6) 339-346. doi: 10.1097/NNA.0000000000000079.

Norsk Sykepleierforbund. (2011). *Yrkesetiske retningslinjer for sykepleiere, ICNs etiske regler*. Oslo: NSF. Henta 11.01.17 frå [https://www.nsf.no/Content/785285/NSF-263428-v1-YER-hefte\\_pdf.pdf](https://www.nsf.no/Content/785285/NSF-263428-v1-YER-hefte_pdf.pdf)

Norsk senter for forskningsdata. (2017). Register over vitenskapelige publiseringskanaler. [Internett]. Bergen: Norsk senter for forskningsdata. Henta 20.03.17 frå [https://dbh.nsd.uib.no/publiseringskanaler/KanalTreffliste.action?xs=pain+management+nursing&\\_checkbox\\_bibsys=true&tv=true](https://dbh.nsd.uib.no/publiseringskanaler/KanalTreffliste.action?xs=pain+management+nursing&_checkbox_bibsys=true&tv=true)

Nortvedt, P. (2012). *Omtanke - en innføring i sykepleiens etikk*. Oslo: Gyldendal akademiske

Simonsen, T. (2016). Rusmiddelavhengighet. Bergen: Fagbokforlaget

Skoglund, A. & Biong, S. (2012). Sykepleie til personer med opioidavhengighet i somatisk sykehushus.I: S. Biong, & S. Ytrehus (Red.). *Helsehjelp til personer med rusproblemer*. Oslo: Akribe.

Sneltvedt, T. (2012). Hva innebærer det å være en profesjonell sykepleier? I: Brinchmann, B.S. (Red.) *Etikk i sykepleien*. Oslo: Gyldendal akademisk

Sneltvedt, T. (2012). Yrkesetiske retninglinjer for sykepleiere. I: Brinchmann, B.S. (Red).  
*Etikk i sykepleien*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Statens institutt for rusmiddelforskning. (2017). *Rusmidler i Norge 2016*.  
*Statistikkrapport 2016*. Henta 09.0.2017 fra  
[https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/rusmidler\\_i\\_norge\\_2016.pdf](https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/rusmidler_i_norge_2016.pdf)

Sælør, K.T. og Biong, S. (2011). Endringer i sykepleieres arbeid etter rusreformen.  
*Sykepleien Forskning*. 6(2) 168-174. doi: 10.4220/sykepleienf.2011.0103

Teigen, K.H. (2016). Holdninger. I *Store norske leksikon*. Henta 9. januar 2017 fra  
<https://snl.no/holdning>

Thorkildsen, K.M., Eriksson, K. og Råholm, M.B. (2015). The core of love when caring for patients suffering from addiction. *Scandinavian Journal of Caring Sciences*. 2015(29) 353-360. doi: 10.1111/scs.12171

van Boekel, L.C., Brouwers, E., Van Weeghel, J., Garretsen, H. (2013). Stigma among health professionals towards patients with substance use disorders and its consequences for healthcare delivery: Systematic review. *Drug and Alcohol Dependence* 131(1) 23-35. doi: 10.1016/j.drugalcdep.2013.02.018

## Vedlegg 1 - Litteraturmatriser

FORSKNINGSARTIKKEL 1: Stigma among health professionals towards patients with substance use disorders and its consequences for healthcare delivery: Systematic review

Referanse	Studiens hensikt/mål	Nøkkelbegrep/ Keywords	Metode	Resultat/funn	Relevans: Hvordan vil jeg bruke denne artikkelen i min oppgave?
Van Boekel, L.C. Brouwers, E. Van Weeghel, J. Garretsen, H.  Nederland  2013  Stigma among health professionals towards patients with substance use disorders and its consequences for healthcare delivery: Systematic review	Hensikta med studien er å undersøke helsepersonell sine haldningar til pasientar med eit misbrukproblem i vestlige land. Studien ynskja også å belyse kva faktorar som fører til negative haldningar av helsepersonell til denne pasientgruppa, og korleis dette påverka pleia som blir gitt.	Substance-related disorders, attitude of health personnel, stigma, delivery of health care	<b>Utvalg:</b> Denne artikkelen er en litteraturstudie som inkluderer 28 studier.  <b>Datainnsamling:</b> Systematisk sok i databasene Pubmed, Psycinfo og Embase, ved hjelp av PICO og inklusjons- og eksklusjonskriterier.  <b>Analyse:</b> Dei ulike studiane ble analysert ut i frå konkrete spørsmål og deretter tematisert. 20 av studiane hadde kvantitativ design,	Litteraturstudien viser at helsepersonell generelt sett har negative haldningar mot pasientar med avhengighetsproblem. Det kom også fram at spesielt illegale rusmisbrukarar er ei gruppe som blir sett på med lavare verdi i forhold til andre pasientgrupper, slik som pasientar med depresjon og diabetes. Dei fleste profesjonane kjenner seg ute av stand eller utan vilje til å vise empati til pasientar som brukar illegale rusmiddel, og er misfornøgde til å yte pleie til denne gruppa. Meir stigmatiserte haldningar mot rusmisbrukarar i samanlikning	Artikkelen tek føre seg helsepersonell sine haldningar til pasientar med misbrukproblem, noko eg ynskjer å skrive om i litteraturstudien min. Det er ein reviewartikkel som har utgangspunkt i 28 studier.

<p>Drug and Alcohol Dependence</p> <p>131(2013) 23-35</p>		<p>fem intervju og/eller fokusgrupper og i to av studiane blei observasjon nytta.</p>	<p>til pasientar med andre psykiske lidningar. Sjukepleiarar med utdanning i psykisk helse har generelt ei meir positiv og ikkje- diskriminerande haldning. Helsepersonell med personleg eller erfaring gjennom arbeid med rusmisbrukarar, rapporterte ei meir positiv haldning.</p> <p>Kva som forårsakar negative haldningar, er blant anna at det er kjenslemessig vanskeleg, potensielt farleg, og at pasientane kan vere valdlege, manipulerande og uansvarlege. Tid og organisatoriske forhold spelar også inn.</p> <p>Generelt har helsepersonell lav kunnskap om rusmisbruk og dei føler at dei ikkje har nok kunnskap til å ta vare på denne pasientgruppa.</p> <p>I høve til konsekvensar negative haldningar har til pleia, bekrefta ein studie at pasientar som mottok omsorg</p>	
---	--	---	---	--

				<p>prega av negative haldningar frå helsepersonell og misnøye med behandlinga, var mindre sannsynleg til å fullføre behandlinga. Negative haldningar kan også ha negativ innverknad på empowerment hos pasientane, og som ein konsekvens kan sjølvbilete bli svekka.</p> <p>Sidan helsepersonell spelar ei avgjerande rolle i å identifisere avhengighetsproblem og oppfordre til behandling, er negative haldningar hos helsepersonell sterkt uønska.</p>	
--	--	--	--	--	--

FORSKNINGSARTIKKEL 2: The dissonant care management of illicit drug users in medical wards, the views of nurses and patient: a grounded theory study

Referanse	Studiens hensikt/mål	Nøkkel-begrep/ Keywords	Metode	Resultat/funn	Relevans: Hvordan vil jeg bruke denne artikkelen i min oppgave?
Monks, R. Topping, A. Newell, R.  2012  England  The dissonant care management of illicit drug users in medical wards, the views of nurses and patients: a grounded theory study  Journal of advanced nursing  69(4) 935-946	Hensikta med studien var å utforske korleis sjukepleiarar handterte å utøve omsorg til pasientar på medisinske avdelingar til pasientar med rusmisbrukproblematikk. Studien ynskja også å få fram erfaringar og syn frå dei som mottar pleia.	Emational labour, grounded theory, medical wards, nurse-patient relationship, problem drug use, social judgement, social reciprocity	<b>Utvælg:</b> Data samla frå ni medisinske avdelingar i England. 29 sjukepleiarar og 12 pasientar.  <b>Datasamling:</b> Kvalitativ. Studien er utført gjennom grounded theory tilnærming, ved å samle og analysere 41 semi-strukturerte intervju.  <b>Analyse:</b> Intervjua blei tatt opp på bånd og deretter	Mangel på sjølvtillit innan feltet hjå sjukepleiaren vart merka av både pasienten og sjukepleiaren sjølv, og gjer at pasienten får inadekvat omsorg.  Dei fleste sjukepleiarane fortalte at dei personleg, og at andre helsepersonell har negative haldningar til pasientar som nyttar illegale rusmiddel. Sjukepleiarane ytra at dei blir mentalt slitne og utslikt av pasientgruppa. Dei bærer på frykt ovanfor rusavhengige pasienater, og meinte dei var valdelege – noko som gjer det vanskeleg å utøve god sjukepleie. Derfor unngikk dei ruspasientane for å redusere konflikter og valdelege episoder.  Sjukepleiarane i studien ytra ei vilje til å auke kunnskapen sin	Studien tek føre seg sjukepleiarar sine syn på sjukepleie til pasientar med rusmisbrukproblematikk.  Studien inkluderer også 12 pasientar, noko som kan spegle oppgåva mi.

			<p>transkibert og analysert.</p> <p>på feltet for å betre omsorgen til pasientgruppa. Sjukepleiarane rapporterte at relasjonen til illegale rusmisbrukarar var bygga på mistillit, og at det førte til negativ oppførsel som kunne ende i verbal eller fysisk konflikt. Det fører også til at sjukepleiarane ikkje er så sensitive for pasientens behov – spesielt i forhold til avhengighetsproblemet.</p> <p>Pasientgruppa rapporterte om at sjukepleiarane har for liten kunnskap om rusavhengighet, og at dette blei sett på som ein trussel for pleia dei mottek, samt ein årsak til utagering</p>	
--	--	--	---	--

FORSKNINGSARTIKKEL 3: Nurses' competence in pain management in patients with opioid addiction: A cross-sectional survey study

Referanse	Studiens hensikt/mål	Nøkkelbegrep/ Keywords	Metode	Resultat/funn	Relevans: Hvordan vil jeg bruke denne artikkelen i min oppgave?
